

Tilbyr lokale torgvarer



INVITERER: Torgansvarleg Marit Gjerstad er klar for Torgdag under Fjordsteam i helga. Her med Rune Kvammen (t.v) og Per Stavang som skal selge fisk på torget laurdag. Foto: Maiken Aa. Solbakken

FLORØ: – Vi vil selje sjømat, forskjellig handverk og lokal gardsmat, fortel Fjordsteams torgansvarleg Marit Gjerstad. Ho er med og arrangerer torgdag under helgas komande veteranbåt-festival.

MAIKEN AA. SOLBAKKEN
maikena@firdaposten.no

Næringskonsulent i Sunnfjord 2020 og torgansvarleg under Fjordsteam, Marit Gjerstad, inviterer til torgdag på laurdag.

– Dette er ein del av tiltaka for å få til aktivitet på staden, fortel Gjerstad, som inviterer til ein dag med sal av diverse produkt.

– Alt er produsert lokalt eller fiska frå kysten, presiserer torgansvarleg.

– Under torgdagen på Fjordsteam vil vi blant anna kunne undersøke responsen blant dei besøkjande til å ha halde torgdag, fortel ho.

– Kva som vil vere tilgjengeleg til sals av sjømat kjem an på kva fiskarane kan tilby den dagen, fortel ho.

Sjøliv og lokale varer

– Fiskarar har ikkje tid til å ligge til kai heile dagen. Difor vart vi veldig glade når Per Stavang og Rune Kvammen hadde tid og vilje til å stå her, smiler Marit Gjerstad.

Per Stavang er blant anna kjend for å røykje laks og ål. Røykt ål er ei sjeldan delikatesse. – Utifrå det eg veit er eg einas-

te som sel røykt ål i Sunnfjord, fortel Stavang.

Bortsett frå havets fangst, vil rundt åtte til ti aktørar på bondens marknad vere til stades, samt husfliden med glas-, strikka-, tova og tauverkprodukt. Bondens marknad vil tilby niskeprodukt som er produsert i Sogn og Fjordane.

Vil auke torgaktiviteten

–Om andre ønskjer å stille med varer her burde dei ta kontakt ganske raskt, då det byrjar å bli ganske fullt, understrekar Gjer-

stad.

Utover hausten håpar Gjerstad å innarbeide faste torgdagar.

– Vi håpar å auke aktiviteten her, og halde fram arbeidet slik at folk vil ta i bruk plassen.

– At folk stiller seg rundt om i sentrum går mot føremålet med torget, meiner Per Kvammen.

– Vi håpar å gjere torget til eit samlingspunkt, seier Gjerstad.

Håpet er å kunne arrangere torgdagar i sommarhalvåret frå mai til august.

Populær i Tall Ships' Races

KRISTIANSAND: Galeasen «Svanhild» ligg for tida saman med båtane i Tall Ships' Races i Kristiansand, men kjem heim att til Florø til Fjordsteam.

DAVID E. ANTONSEN
david@firdaposten.no

Det lovar Heidi Nygård i Svanhilds venner.

– Søndag reiser vi vidare til Egersund, og deretter nordover mot Haugesund. Vi planlegg å

vere i Skjerjehamn på onsdag for vi er attende i tide til Fjordsteam på torsdag.

Så langt har seglasen vore ein suksess på fleire måtar.

– Vi har hatt masse god vind og fint vær, men i dag har vi måtte sette opp solteltet så det var mogleg å vere på dekk medan det regnar, seier Nygård.

«Svanhild» har også skapa ein del merksemd undervegs i seglasen.

– Vi har nok den båten som er mest open for publikum. Folk kan komme ned under dekk og

sjå seg om. Og mange er veldig interessert. Ein journalist frå Tyskland ville skrive ein artikkel om «Svanhild», ein annan kar frå Sunnmøre fortalte at han hadde sigla båten på 60-talet, seier Nygård.

POPULÆR: «Svanhild» til kai i Kristiansand, der ho ligg saman med båtane i Tall Ships' Races. Foto: Stein Arve Olsen.

